



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	05.04.2016
Tid:	13:30 – 17:25

Medlemer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Svein Gjelseth	MEDL	AP
Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Stig Arne Helsem Sævik	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Jens Terje Johnsen	Reidun S Myrvågnes	AP
Sofie Mere Arntsen	Svein Gjelseth	AP

Andre:

Konst.rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Hilde B. Skinnnes
Pleie og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berges
Driftsingeniør Julia Zahl
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller
Arrangementleiar Bjørn Holum

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Camilla Storøy og Stig Arne Helsem Sævik

Skriv delt ut i møte:

U.off. §13 – Barnevernsmeldingar perioden 01.09.15-31.12.15.

Drøftingar:

Administasjonen inviterar Runde Miljøsester AS til formannskapsmøte.

Formannskapet bestiller sak om støtte til arbeid mot vold i nære relasjonar

Formannskapet bestiller sak om vurdering av satsar økonomisk sosialhjelp og arbeidsplikt.

Formannskapet bestiller orientering om korleis kommunen møter utviklinga og handterer utfordringa i arbeidsmarkedet.

Formannskapet bestiller sak om intensjonsavtale til behandling i formannskapet/kommunestyret.

Orienteringar:

Ordførar Arnulf Goksøyr orienterar om intensjonsavtale og økonominotat om kommunereforma

Drifteningeniør Julia Zahl og avdelingsleiar Jarl Martin Møller frå utviklingsavdelinga orienterar om reinhald i sentrum.

Det skal haldast informasjonsmøte om kommunesamanslåing i ytre Herøy 19. april og i indre Herøy 21. april.

Camilla Storøy fekk permisjon og gjekk frå møtet kl 16.50, før handsaming av siste notat -

U.off. §13 – Barnevernsmeldingar perioden 01.09.15-31.12.15.

Kommunestyremøte i mai er flytta til onsdag 25. mai.

Camilla Storøy

Arnulf Goksøyr

Stig Arne Helsem Sævik

underskrifter

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 54/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 55/16	Protokoll frå førre møte
PS 56/16	Referatsaker
PS 57/16	Oppretting av Bemanningsteam i pleie- og omsorg, med prøveprosjekt på Myrvåg omsorgssenter
PS 58/16	Reguleringsendring for del av reguleringsplan for indre Bergsøy, gnr. 29, bnr. 12.
PS 59/16	Leigesatsar Herøy kulturhus og Herøyhallen 2016
PS 60/16	Fosnavåg kino - auke stillingsheimel
PS 61/16	Reservasjon av næringstomt i Dragsund

Referatsaker

RS 20/16	Utvikling økonomisk sosialhjelp
RS 21/16	Protokoll frå styremøte i SSL 10.02.2016

PS 54/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 55/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 56/16 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre

PS 57/16 OPPRETTING AV BEMANNINGSTEAM I PLEIE- OG OMSORG, MED PRØVEPROSJEKT PÅ MYRVÅG OMSORGSSENTER

Møtebehandling:

Pleie og omsorgsleiar Ragnhild V. Berge og avdelingsleiar, Myrvåg omsorgssenter avd. B, Siv Jensen orienterte.

Formannskapet kom med slikt nytt punkt 3:
Prosjektet skal evaluerast og til politisk handsamast etter 6 månader.

Rådmannen si tilråding med nytt punkt 3 vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 05.04.2016

1. Det vert oppretta 2.0 stillingsheimlar i bemanningsteamet ved Myrvåg omsorgssenter. Prosjektet har ein prøveperiode på 6 månader, med muligheit for vidareføring av tiltaket i permanent drift. Tilsetting skjer etter gjeldande lov og avtaleverk. Prosentvis fordeling mellom fagheimlar vil til ei kvar tid variere med tilgjengelig kompetanse.
2. Stillingane vert finansierte med inntekter frå refusjon sjukeløn

PS 58/16 REGULERINGSENDRING FOR DEL AV REGULERINGSPLAN FOR INDRE BERGSØY, GNR. 29, BNR. 12.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 05.04.2016

I medhald av § 12-14 i plan- og bygningslova, vedtek Herøy formannskap mindre reguleringsendring for gnr. 29, bnr. 12 innanfor områdereguleringsplan for indre Bergsøy, datert 18.1.2016.

PS 59/16 LEIGESATSAR HERØY KULTURHUS OG HERØYHALLEN 2016

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 05.04.2016

Leigesatsane for Herøy kulturhus og Herøyhallen 2016 vert vedteke slik framlagt.

PS 60/16 FOSNAVÅG KINO - AUKE STILLINGSHEIMEL

Møtebehandling:

Arrangementleiar Bjørn Holum møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 05.04.2016

1. Kommunestyret vedtek å auke den faste stillingsheimlen ved Fosnavåg kino med 50 %, frå totalt 110 % til 160 %.
2. Stillingsheimlen vert finansiert over budsjettet til Fosnavåg kino.

PS 61/16 RESERVASJON AV NÆRINGSTOMT I DRAGSUND

Møtebehandling:

Avdelingsleiar utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller møtte.

Det vart halde gruppemøte.

Ap, Per Kristian Furø kom med slikt nytt punkt 3:

«Det er ei forutsetning at aktivitetane til Ulstein Bibelsenter ikkje legg begrensningar på annan aktivitet i industriområdet»

H, Arnulf Goksøyr kom med slikt tillegg til nytt punkt 4:

«Vedtaket er gjort med grunnlag i reglement for tildeling av opsjon på kommunalt tomt»

Rådmannen si tilråding med framlegg frå Per Kristian Furø og Arnulf Goksøyr vart vedteken mot 2 røyster.

H, Arnulf Goksøyr og H, Stig Arne Helsem Sævik røysta mot.

Vedtak i Formannskapet - 05.04.2016

1. Ulstein Bibelsenter v/Laila Sivertstøl får reservert næringstomt gnr. 45 bnr. 130 i Dragsund.
2. Reservasjonen gjeld i eitt år rekna frå dato for Formannskapets handsaming av saka og på dei vilkår som gjeld for tildeling av næringstomter
3. Det er ei forutsetning at aktivitetane til Ulstein Bibelsenter ikkje legg begrensningar på annan aktivitet i industriområdet
4. Vedtaket er gjort med grunnlag i reglement for tildeling av opsjon på kommunal tomt. Ordførar får fullmakt til å gjennomføre sal av tomte ved utløp av reservasjonstida.

MØTET SLUTT!